

KYRKJEBLAD



B
PORTO BETALT
VED
INNLØSINGEN
PÅ
NORGE / NORGE

FULLDISTRIBUSJON
RETURADRESSE:
Prosit design og
kommunikasjon as
Pb. 122, 6659 Rindal

Juni 2014

«Eg vil ikkje la dykk vera att som foreldrelause born. Eg kjem til dykk.» Joh 14,18

Nr. 3 – 74. årgang

Du som favner alle slekter ved din gode Ånd

Du som favner alle slekter
ved din gode Ånd,
du som nådig ved ditt forsyn
rekker ut din hånd,
Herre, kom ditt folk i møte,
ta imot vår takk og lovsang
for de gaver som har bragt
våre hjerter gledens makt.

Du har holdt din kirke oppe
også her hos oss,
og ditt gledesbud ble kunngjort,
våre svikt til tross.
Gjennom dåpen har du kalt oss,
og i stormvær og i solskinn
får vi følge troens vei
frem til livets mål hos deg.

Vi kan høre vinden suse
i de høye trær,
som har gitt oss le og skygge
langs vår dåpsvei her.
På vår vandring gjennom verden
taler Ånden til vårt hjerte
vi blir minnet om vårt håp,
daglig, inntil dødens dåp.

Mens vi venter på ditt rike
under tidens gang,
har vi del i rikets glede
og dets jubelsang!
Hør oss, du vår kirkes Herre,
kom i dag vårt folk i møte
gjennom kirkens tegn og ord,
gjennom den som ber og tror!

Svein Ellingsen,
Norsk Salmebok nr. 540



Biskop Ingeborg Midttømme, sokneprest Petter Dahle og prost Leif Endre Grutle under
visitasen i Øre. Foto: G. Sødal.

Vi skal feira pinse. Høgtida for Den heilage Ande, kyrkje og misjon.

Jesu lovnad om å ikkje la læresveinane vera att åleine
som foreldrelause born er den innerste kjerna i det
som har med kyrkja og Den heilage Ande å gjera, at
vi som menneske skal sleppa å vera åleine og

overlatne til oss sjølve.
Gjennom dette gir han oss også kraft til å nå nye
menneske, som kristne, som kyrkje.

Velsigna pinsehøgtid!



ØRE
Øre - Gjemnes

Kyrjekontoret 71 29 39 00
Telefaks 71 29 38 28
E-post sokneprest: petter.dahle@
gjemnes.kommune.no
Biletet: Øre kyrkje

Bispevisitas – takk for godt samarbeid!



Alle medverkande under visitasgudstenesta – stor involvering! Alle foto: Elin Stenkjær.

Bispevisitas – til glede, inspirasjon og utfordring – slik opplevde dei fleste av oss visitasen i Gjemnes og Øre. Det omfattande programmet førte til gode møte med barnehage, skuleelevar og lærarar, speidarar,

Avskjed for sokneprest

Petter Dahle.

Petter takker for seg etter snart 20 år som sokneprest i Gjemnes og Øre menigheter.

Han har vært en kjær prest for oss i mange år. Vi har lært å sette pris på Petter som en særdeles god prest gjennom sin klare forkynnelse, jordnære og lune væremåte. Vi ønsker å takke deg for din trofaste tjeneste gjennom alle år i våre sokn. Vi har vært heldige som har hatt deg hos oss i så mange år. Takk for alt du har vært for oss alle! Takk også til Åshild som står trofast ved din side.

Vi ønsker deg Guds velsignelse i ditt videre arbeid i din hjemkommune Rauma når du nå flytter til Isfjorden og fortsetter som sokneprest der.

Sokneråd, menighetsråd og staben på kirkekontoret.



Avskjed for sokneprest Petter Dahle

kulturliv og bedrifter, med kommunen og kristenlivet slik det utfaldar seg i kommunen. Visitasgudstenesta søndagen var eit høgdepunkt i ei ellers interessant veke. Ved avslutninga tok biskopen fram kor flott det var å ha visitas i veka etter påske – som er ei spesiell fest-tid for den kristne kyrkja. Takk til alle for godt samarbeid!

Tårnagentar i aksjon.

29.-30.mars var det tårnagenthelg i Øre kyrkje. Her var det deltakarar frå både Gjemnes og Øre, og mange av 3.-klassingane deltok. Vi hadde også i år besøk av politihunden Lukas. Han løyste sine oppgåver med glans, og inspirerte borna til å finne ut av sine mysterier og oppgåver. Tårnagentane deltok aktivt på mange måtar under gudstenesta, og saman med Gospelkoret viste dei veg for den store kyrkjelyden, som gav seg god tid ved dei mange postane under bøne- og nattverdvingringa – og kyrkjekaffien.

Fasteaksjonen.

Stor takk også til alle som deltok på fasteaksjonen for Kirkens nødhjelp før påske. Her var både konfirmantar, foreldre, folk frå kyrkjelydane og frå sokneråd og menighetsråd i aksjon. Det vart til saman ny rekord i år – kr. 43.855,- Stor takk til alle for innsatsen – ikkje minst alle som tok godt imot bøsseberarane og gav!



6 åringer

Vi inviterer dei som er 6 år i år til gudsteneste - og til å få ei bok. I Gjemnes blir dette ved gudstenesta 1.pinsedag – 8.juni. I Øre kyrkje har vi tilsvarande gudsteneste 2.pinsedag. Det kjem nærmare informasjon og invitasjon i posten.

Konsertar.

Søndag 15.juni blir det sjanse til å høre Nidaros domkor i Øre kyrkje. Dei held ein konsert på ettermiddag – klokkeslett blir kunngjort seinare. Og dirigenten kjenner vi frå før: Magne Harry Drågen!

Laurdag 21.juni blir det konsert med vokalbandet PECHRIMA. Dei har gjesta Øre kyrkje fleire gonger – mange vil gle seg til dei kjem att i år også!



TINGVOLL

Tingvoll - Straumsnes

Menighetskontoret 71 53 01 23
Telefaks 71 53 12 40
E-post: post@kirken.tingvoll.no
Biletet: Straumsnes kyrkje

Tårnagenthelg i Tingvoll kirke



Nå har vi lagt bak oss ei super helg i Tingvoll kirke! Trosopplæringa inviterte 2.- og 3.klassinger fra hele kommunen til ei helg med mange spennende aktiviteter i kirka. Den 3. og 4.mai var 18 tårnagenter, 11 ungdomsledere og 3 voksenledere i full sving med å utforske kirka og å lage gudstjeneste. Vi hadde oppgaver der man måtte sam-

Ny salmebok

Straumsnes og Tingvoll sokn har denne våren vedtatt å innføre den nye salmeboka til bruk i begge kirker. Det er et økonomisk løft for menighetene å investere i nye salmebøker. Vi har i den forbindelse lyst til å utfordre dere som bruker kirkene våre. Hvis dere har lyst til å støtte opp om det musikalske menighetsarbeidet er det mulig å gi en gave til innkjøp av de nye salmebøkene. Kanskje dere ønsker å kjøpe en salmebok og

Takk for dugnadsinnsats

Når ein får ei gåve eller hjelp til ei oppgåve, så er ein avhengig av frivillighet. Soknerådet i Straumsnes ville gje ein takk attende, så det vart ei kaffestund kor 24 personar møtte opp av dei 29 som har delteke i dugnaden på menighetshuset. Pynta sal og delikate kaker og hyggeleg prat gjorde dette til ein triveleg fest. Vår pedell, Liv Jakobsen, som har vore den som



arbeide (bygge høyst mulig tårn med spaghetti og marshmallows), lete (finne symboler i kirka), lytte, synge, balansere og huske – slik ble de kvalifiserte Tårnagenter. Vi var oppe i kirketårnet, og det er en opplevelse i seg selv – man må gå inni veggene og klatre opp stiger for å komme helt opp! Og så laget vi en flott gudstjeneste, med Den Hellige Ånd som tema. Den kom dalende

ned over menigheten i form av ildfargede ballonger, som ble sluppet fra vinduene høyt oppe på kirkeveggen, fra prekestolen og galleriet. Det ble en livlig og flott gudstjeneste, med bønnevandring og nattverd. Etterpå var det kirkekaffe med Kirkeiskake. Alle var enige om at det hadde vært ei flott helg!

gi til kirka deres?

For å gi en salmebok kan dere sette inn 299,- på menighetenes konto, og merke gaven «Salmebok». Straumsnes: 4050.40.5183 Tingvoll: 4050.07.31526 Ved spørsmål ta kontakt med kirkekontoret på Tingvoll.



har teke ansvar for alt som har med det indre liv å gjera. Det er maling, inventar, tekstilar m.m. Gunnar Aasen samla ein ivrig dugnadsgjeng til å få mala huset utvendig. Soknerådsleiareren fortalde om heile den lange prosessen mot å få menighetshuset oppdatert frå eit kondemenertussatt hus til eit nytt, tidsmessig hus som no er godkjend og som no er hensiktsmessig, brukarvenleg og eit hus der alle

trives. Liv Jakobsen fekk ei fin gåve som ein takk for hennar engasjement, Gunnar fekk blommar for den innsatsen han gjorde. Leiar fekk ei fin gåve og som takk for innsatsen. For heile bygda er menighetshuset vorte ein lys, vennleg stad å samlast i for alle dei arrangementa ein måtte ha behov for. Det er viktig å ta vare på frivilligheta og syne at ein er takksam for dei oppgåvene dei tek seg av i soknet. Takk til alle!

Randi Tøvik

Ventetida snart slutt

Dei som har vore innom Straumsneskyrkja dei siste dagane har nok lagt merke til at det no blir arbeid meir enn vanleg på gravplassen. Hevinga av terrenget på gravfeltet aust for kyrkja har vore planlagt lenge og blir no ein realitet. Vatn Maskinstasjon As har fått hjelp av Ola Vegard Holmeide og Jens Erik Hanem til å køyre inn grus og planere gravfeltet på nytt. Rett over 17. mai vil første del av gravfeltet vere klart til at gravmonumenta kan setjast på plass igjen. Det er mange monument som skal monterast, så dette vil ta nokre dagar. Monumenta blir montert på grus så dei skal stå så godt som mogleg. Det vil vidare vere god matjord i plantefeltet framom. Dei monumenta som er enklast å montere vil bli montert først, slik at så mange som mogleg skal få høve til å plante sommarblomster til nokolunde rett tid. Så snart monumentet er på plass er det greitt å plante i bedet framom. Plen vil også bli sådd, men dette vil skje først når mesteparten av trafikken med montering av gravmonument er gjort. Kyrkjevevja ber om forståing for at monumentmonteringa tar litt tid. Dette er tungt arbeid, og det skal stå både beint og passe høgt og elles vere skikkeleg gjort, så det skal godt gjerast å klare meir enn 10 for dagen. Eit par monument er så store at det kanskje går ein heil dag for kvart monument.

Nærast steingarden vil det stå igjen ei stripe til ein har fått bygd opp igjen ny steingard. Dette vil ta litt tid, men det er sannsynleg at alle gravmonumenta kan monterast utan å måtte vente på arbeidet med steingarden.

Dei to bjørkene som står nær steingarden no vil bli felt. Særleg det eine har store råteskader, og båe vil bli veldig svekka av arbeidet med steingarden. Utpå hausten vil det bli planta nokre tre fleire stader på kyrkjegarden, og dette vil ein halde fram i fleire år framover.

Nokre av gravmonumenta som har stått ved steingarden ei tid er no flytt opp til museumsavdelinga. Etter kvart vil desse bli montert opp på nytt.

Øystein Folden





SUNNDAL

Hov - Romfo - Øksendal - Ålvundeid

Menighetskontoret 71 69 23 00
 Telefaks 71 69 25 44
 Åpningstider: ma-fre 09.00-15.00
 E-post: ekspedisjon@sunndal-kirke.no
 Kirkeverge: Stig Rune Andreassen
 E-post: stig@sunndal-kirke.no
 Bildet: Middelaldarkrusifiks,
 Romfo kyrkje

Konfirmantfest i Ålvundeid



Tradisjonen tru vart det siste søndag før påske arrangert konfirmantfest for årskonfirmantane og 50-årsjubilantane i Ålvundeid sokn. 1964 var første året at ålvundfjordingane vart konfirmerte i Ålvundeid kyrkje. Tidlegare kull frå Ålvundfjord hadde sokna til Stangvik. Under gudstenesta deltok årskonfirmantane saman med konfirmantprest Laskerud. Etterpå var det samling i Ålvundeid bedehus for både årskonfirmantar med familie og jubilarar. Felles for desse to kulla var at alle hadde vald kyrkjeleg konfirmasjon. For 50 år sidan var det vel vanleg, men kanskje ikkje like sjølvsagt i 2014.

Tekst/foto: Asbjørn Innerdal

Jubilantane frå venstre: Rolf Smisetfoss, Magnus Mo, Egil Nerdal, Endre Opdøl, Nils Seljebø, Ildri Kletthammer (Drøpping), Anders Ulvund, Lars Inge Magerøy, Margit Innerdal Nordvik, Berit Kårvatn (Mossing) og Anne Karin Øye.

Eritreisk påskefeiring

Eritreere har stor påskefeiring har Hov menighet fått merke. I fastetiden har eritreiske ungdommer samlet seg i kirka nesten hver ettermiddag, og påskedagen kulminerte det i en stor fest med tradisjonell mat. De eritreiske kristne inviterte de norske til å være med på påskefeiringen, og mange ble med etter gudstjenesten påskedag til feiring i annekset!

Helge Storset



Ungdomslederleir på Phillipshaugen!

Nå braker det løs igjen!!!

Menighetene på Indre nordmøre samler ungdommer til Lederleir på Phillipshaugen i Øksendal, Sunndal. 11 til 13 August!

Vi retter oss hovedsaklig til fjorårskonfir-

manten. Vi trenger dem til oppdrag i folkekirka! Noen skal brukes som leirledere andre tar også andre oppdrag for kirka.

Ungdomslederleiren på Phillipshaugen er ment å være en første skoloring for lederoppdrag.

Dette er en tradisjon som er godt rotfesta både i Tingvoll og Sunndal, men menighetene i Surnadal og Gjemnes har det siste året også hatt flotte ungdommer med på opplegget.

Hovedledere på leiren er:
 Cathrine Grutle, sogneprest i Tingvoll.
 Jan-Fredrik Laskerud, sogneprest i Ålvundeid.

Påmeldig skjer til ditt lokale kirkekontor!



Verdas største kristne land

Mao trudde at han kunne avskaffa religion i Kina. Og han trudde at han hadde nådd målet. Under kulturrevolusjonen på 1960-70-talet vart alle kyrkjer stengde. Fortsatt er Kina offisielt eit ateistisk land, men i dag det landet der talet på kristne veks raskast. I 2010 var det 58 millionar protestantiske kristne i landet, og etter offisiell beregning vil Kina bli verdas største kristne land på under ein generasjon, anslagsvis auka til 160 millionar protestantiske kristne fram mot 2025. Inkludert katolikkar vil kristne i landet passera 247 millionar før 2030.

NTB

Bøker med sjelesørgerisk innhold

«Å kjenna han som kjenner deg»
 (Bibelstudiebok) – Verbum forlag

«Den bortkomne sønn vender hjem»
 Henri Nouwen - Verbum forlag

Maleri gitt til Hov kirke

I Hov er det kommet et nytt bilde. Det er Aslaug Pernille Nordli som har malt det spesielt for Hov.



Grunnlovsjubileet

Grunnlova og Hans Nielsen Hauge

Biskop emeritus Andreas Aarflot seier i ein artikkel om Hans Nielsen Hauge: «Hans Nielsen Hauge bidro med hele sin virksomhet i sterk grad til det nasjonale frigjøringsverket. En lang rekke historikere har gitt uttrykk for sin høye vurdering av Hauges innsats for den sosiale og politiske frigjøring. Mens landets utvalgte forhandlet om det konstitusjonelle grunnlag for folkets liv, vokste det i sporene etter Hauge en folkebevegelse med en innsatsvilje og arbeidslyst som også var nødvendige faktorer i den nasjonale selvfølelse etter 1814, og som bidro til at Eidsvollsverket

ble mer enn nasjonalromantiske drømmer.» (VL)

Riksforsamlinga og kyrkjene

Rådgeivar Bente Engelsen ved Riksarkivet seier at det hadde ikkje vore nokon Riksforsamling på Eidsvoll utan kyrkjene. Kyrkjene var hovedarena og prestane var valgadministratorar fram mot Eidsvollforsamlinga i 1814. Utan kyrkjas rolle ville vi ikkje fått gjennomført landsdekkande valg av representantar til Riksforsamlinga. Kyrkjas rolle ved valga til Riksforsamling viser både statsmaktas kontroll over kyrkja og kyrkjas store betydning i samfunnet.

Grunnlova og jødeparagrafen

Norges grunnlov frå 1814 var eit unikt fridomsdokument, men det hadde alvorlege skampletar, spesielt jødeparagrafen, som sa at jødar ikkje hadde adgang til riket, og forbod mot jesuittar og munkeordenar som det tok mange tiår å få fjerna. Først i 1845 var det lov å vera kristen utanfor statskyrkja. I 1851 fekk jødar adgang til riket. Munkeordenar var først velkomne i 1897. Mot 31 røyster bestemte Stortinget i 1956 at jesuittar skulle akseptierast. Ved 150-årsjubileet i 1964 vart religionsfridom teke inn i Grunnlova.

Haustkonsert i Stangvik: Rhapsody og Davidssalmar

Laurdag 13. september kl. 17 byr Stangvik kyrkje på eit fyrverkeri av ein konsert - med «Rhapsody in Blue» av Gershwin, «Chichester Psalms» av Bernstein og «Magnificat» av Rutter.

Klaversolist Sveinung Bjelland, Kristiansund Kammerkor og eit kjempeorkester (inkludert 2 harpistar og 5 slagverkarar!) blir dirigert av Peder A. Rensvik. Dette er haustens første samarbeidsprosjekt med KKKK-Festivalen i Kristiansund.

I klaverkonserten «Rhapsody in Blue» har George Gershwin lagt spenstige jazzelement inn i klassisk ramme. Leonard Bernsteins «Chichester Psalms» (1965) er bibelske salmar (på hebraisk) i fargesprakande tonedrakt. John Rutter er vår tids kanskje fremste kor-komponist. Første del av hans «Marias Lovsong» opnar konserten.



Sveinung Bjelland er solist i «Rhapsody in Blue»

Konfirmasjon

Til deg som fyller 14 år i år. Du er berre eit år frå ein høgtidsdag i livet ditt. No er det tid for å velja korleis du vil førebu deg på dagen. Konfirmanttida i kyrkja er ikkje berre for deg som trur. Den er like mykje for deg som tvilar eller berre er nysgjerrig.-- Konfirmasjonstida i kyrkja gir deg høve til å finna ut kva du trur på, lære meir om Bibelen, samtale om kristen tru etc. Du er invitert til å finne ut meir om deg sjølv og trua på Gud. For meir informasjon sjå konfirmant.no eller kyrkja.no

Sitat

«Helbrede kan vi noen ganger. Lindre kan vi ofte. Trøste kan vi alltid.» Hippokrates, den greske legen som utformet den første legeleden.

Gravsteiner som faller ned

Det er et kjent fenomen på våre gravplasser i Tingvoll at gravsteinen kan velte etter sig i bakken eller på grunn av manglende støtte for sokkelen i blomsterbedet. Det er særlig vanlig i brattere terreng og nå på våren.

Om våren varmer sola opp steinen og jorda tiner fortere der enn ellers slik at marken blir myk og holder ikke lenger vekten av et allerede hellende monument eller det kan være nok med en kraftig vind. Slik det har vært tilfelle noen av plassene.

Det er gravfesteres ansvar å påse at monumentet står støtt og er forsvarlig boltet, slik at det ikke er til fare for arbeidsfolk eller besøkende.

Kirkevergen oppfordrer alle til å se til sine gravsteiner nå i vår og forsikre seg om at de står trygt. Kirkekontoret på Tingvoll kan gi råd dersom dere trenger faglig hjelp for å besørge arbeidet.

Kirkevergen for Tingvoll

Fasteaksjonen

Årets fasteaksjon for Kirkens Nødhjelp gav rekordstort resultat med 35 mill kroner for heile landet. Etter TV-aksjonen, som i år også går til Kirkens Nødhjelp, så er KN-aksjonen den største dør til dør-aksjon i Norge. Den har vore arrangert sidan 1967 og går til organisasjonens arbeid over heile verda.

Det beste resultatet i år i samla gaveinntekt var Spjelkavik kyrkje i Ålesund med 227.596,- kroner. Deretter Fjell, Mandal, Gand i Sandnes og Oppsal i Oslo. Det er ikkje publisert prosentvis resultat i forhold til folketalet.

I vårt prosti var resultatet litt over kr. 300 000,-.

Bladpengar

Takk til alle som har nytta vedlagte giro eller på annan måte har betalt frivillig kontingent for Kyrkjebladet. Det er heilt avgjerande for at bladet kan koma ut. Dersom du ikkje fekk brukt giroen, så kan du fortsatt senda pengar til **Kyrkjeblad for Indre Nordmøre på kontonr. 4050 40 46232.**

Kontonummeret står på siste side i alle blada.

Somme spør kor mykje dei skal betala. Vi har sagt at 150 kroner er ei god hjelp, men er takksame for meir eller mindre. Vi får ikkje anna økonomisk støtte enn gåver.

Vi legg ved giro to gonger i året, men når vi sender bladet til alle, kan vi berre be om frivillig kontingent. Du vil i alle fall få bladet så lenge det går.

Helsing frå redaksjonen

Neste nummer kjem veke 37. Frist for innsending av stoff er onsdag 20. august.

Gudstenester i Indre Nordmøre prosti



Høyr kor kyrkjeklokka lokkar med ein høg og heilag klang

Pinsedag – søndag 8. juni

Joh 20,19-23 Ta imot Ånden

- Hov kirke kl 11:00 Høytidsgudstjeneste. Storset.
 Stangvik kyrkje kl. 11:00 Fellesgudstjeneste. Takkoffer
 Straumsnes kyrkje kl.11:00 Konfirmasjonsgudstjeneste ved
 sokneprest Cathrine Grutle
 Takkoffer til egen kyrkjelyd.
 Straumsnes kyrkje kl.13:00 Konfirmasjonsgudstjeneste ved
 sokneprest Cathrine Grutle
 Takkoffer til egen kyrkjelyd.
 Gjemnes kirke kl.11:00 Høytidsgudstjeneste. Prost
 L.E.Grutle. Bokutdeling til
 6 åringene. Takkoffer til Familie og
 medier. Kirkekaffi.

2. pinsedag – mandag 9. juni

Joh 16, 5-11 Ånden går i rette med verden

- Ålvundeid kyrkje kl 11:00 Høgtidsgudstjeneste. Laskerud.
 Tingvoll kyrkje kl.11:00 Gudstjeneste med nattverd ved prost
 Leif Endre Grutle
 Takkoffer til Kyrkjebladet
 Øre kyrkje kl.11:00 Familiegudstjeneste. Bjørn Hovde
 Bokutdeling til 6 åringane.
 Takkoffer til "Barnevakten"
 Kirkekaffi.

Treenighetssøndag - 15. juni

Matt 28,16-20 Misjonsbefalingen

- Halsa kirke kl. 11:00 Gudstjeneste. Takkoffer til
 Menighetsarbeidet.
 Rindal kirke kl.11:00 Høgmesse. Takkoffer til
 menighetsarbeidet.
 Hov kirke kl 11:00 Familiegudstjeneste. Storset.
 Barnekorene deltar.
 Brassbandet "Gjallarhorn" blir
 også med. Takkoffer.
 SOMMERFEST i prestegårdshagen
 etter gudstjenesten.
 Ta med grillmat og noe å sitte på.
 Raney kyrkje kl. 11:00 Gudstjeneste. Takkoffer til
 misjonsprosjektet i Beghi
 Ikorneset kl.12:00 Friluftsgudstjeneste. Bjørn Hovde.
 Ta med mat, grillen er varm!

2. søndag i treenighetstiden - 22. juni

Matt 3,11-12 Johannesdåp og dåp med Ånden

- Hov kirke kl 11:00 Storset.
 Åsskard kyrkje kl. 11:00 Gudstjeneste. Kyrkjeterim. Takkoffer
 til Kirkens SOS
 Øre kyrkje kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Bjørn Hovde.
 Takkoffer til Maritastiftelsen.
 Kyrkjekaffi.

Sankthansdagen/Jonsok – tirsdag 24. juni

Luk 1,5-17 Løftet om døperens fødsel

- Åsskard kyrkje kl. 22:00 Jonsvaka. Konsert. Billett

3. søndag i treenighetstiden – 29. juni

Luk 14,15-24 Det store gjestebudet

- Saltrø grendehus kl 11:00 Gudstjeneste. Takkoffer til
 Kyrkjebladet for Indre Nordmøre.

- Rindal Bygdemuseum kl.19:00 Husmøte. Jostein og Anne Lise
 Landrø. Normisjonen.
 (Sunddal: se avisene)
 Mo kyrkje kl. 11:00 Gudstjeneste. Takkoffer til
 Sjømannsmisjonen
 Todalen kyrkje kl. 11:00 Gudstjeneste. Takkoffer til
 misjonsprosjektet i Beghi
 Tingvoll kyrkje kl.11:00 Høgmesse med nattverd ved
 sokneprest Cathrine Grutle.
 Takkoffer til
 Kristen Idrettskontakt-KRIK

Torsdag 3.juli

- Øye kyrkje kl. 19:30 Sommarkonsert.

4. søndag i treenighetstiden – 6. juli

Mark 10,17-27 Jesus og den rike mannen

- Rindal Bygdemuseum kl.11:00 Tunnesse. Takkoffer til museet.
 Hov kirke kl 11:00 Laskerud.
 Ålvundeid kyrkje kl 19:00 Laskerud.
 Herredsdalen kl.12:00 Friluftsgudstjeneste
 Gjemnes kirke kl. 11:00 Høymesse. Nattverd. Vikarprest
 Margrete Telhaug. Takkoffer til
 Normisjon. Kirkekaffi.

Fredag 11.juli

- Todalen kyrkje kl.19:30 Sommarkonsert.
 Vibeke Breian, saxofon, og Johan
 Martin Røsand, orgel

5. søndag i treenighetstiden – 13. juli

Matt 7,15-20 Falske profeter

- Gjøra kapell kl 11:00 Laskerud.
 Stangvik kyrkje kl. 11:00 Gudstjeneste. Takkoffer
 Øye kyrkje kl. 11:00 Gudstjeneste. Takkoffer til
 kyrkjelydsarbeidet
 Tingvoll kyrkje kl. 11:00 Høgmesse med nattverd.
 Takkoffer til Amatheia

Aposteldagen/6. søndag i treenighetstiden – 20. juli

Luk 5,1-11 Peters fiskefangst

- Valsøyfjord kirke kl.11:00 Gudstjeneste.
 Takkoffer til Redd barna.
 Øvre Rindal kapell kl.11:00 Gudstjeneste.
 Takkoffer til Institutt for Sjelesorg.
 Hov kirke kl 11:00 Storset.
 Åsskard kyrkje kl. 11:00 Gudstjeneste. Takkoffer
7. søndag i treenighetstiden – 27. juli
Luk 15,1-10 Sauen og sølvmynnen
 Innerdalen kl 12:00 Friluftsgudstjeneste. Storset.
 Raney kyrkje kl. 11:00 Gudstjeneste. Takkoffer til
 kyrkjelydsarbeidet
 Øre kyrkje kl.11:00 Høgmesse. Nattverd. Vikarprest
 Margrete Telhaug.
 Takkoffer til Kyrkjebladet.

Olavsdagen/Olsok – tirsdag 29. juli

Joh 12,24-26 Hvetekornet

8. søndag i treenighetstiden – 3. august

Matt 6,19-24 Det udelte hjertet

- Halsa kirke kl.19:00 Gudstjeneste. Takkoffer til Kirkens
 SOS i Møre og Romsdal
 Rindal kirke kl.11:00 Gudstjeneste. Takkoffer til
 menighetsarbeidet.
 Hov kirke kl 11:00 Storset.
 Røstasetra kl. 11:00 Friluftsgudstjeneste. Takkoffer
 Todalen kyrkje kl. 11:00 Gudstjeneste. Takkoffer
 Straumsnes kyrkje kl. 11:00 Høgmesse med nattverd.
 Kirkens SOS, Møre og Romsdal
 Svanavollen kl. 12:00 Setergudstjeneste.
 Vikarprest Margrete Telhaug.
 Salg av rømmegrout m.m.

9. søndag i treenighetstiden – 10. august

Matt 11,28-30 Jeg vil gi dere hvile

- Romfo kyrkje kl 11:00 Laskerud.
 Stangvik kyrkje kl. 11:00 Gudstjeneste. Takkoffer
 Åkerfallet kl.12:00 Friluftsgudstjeneste ved
 sokneprest Cathrine Grutle

10. søndag i treenighetstiden – 17. august*Luk 5,27-32 Å kalle syndere til omvendelse*

Rindal kirke kl.11:00	Gudstjeneste. Takkoffer til Det Teologiske menighetsfakultet.
Hov kirke kl 11:00	Laskerud.
Ranes kyrkje kl. 11:00	Gudsteneste. Takkoffer til søndagsskularbeidet
Straumsnes kyrkje kl.11:00	Høgmesse med nattverd ved prost Leif Endre Grutle Takkoffer til Familie og Medier

11. søndag i treenighetstiden – 24. august*Matt 23,37-39 Som er høne samler kyllingene*

Valsøyfjord kirke kl. 11:00	Jubileumsgudstjeneste. Takkoffer til Menighetsarbeidet.
Menighetshytta Skarheim kl.12:00	Gudstjenestlig møte i lag med Meldal. Takkoffer til Skarheim.
Hov kirke kl 11:00	Storset.
Øksendal kyrkje 11:00	Laskerud. Framstilling av konfirmantane. Takkoffer til ny salmebok. 50-årskonfirmantfest.
Ålvundeid kyrkje kl 19:00	Laskerud. Framstilling av konfirmantane. Takkoffer.
Kleppnausta, Bøkleppen kl. 11:00	Friluftsgudsteneste. Takkoffer
Tingvoll kyrkje kl.11:00	Gudstjeneste ved sokneprest Cathrine Grutle. Takkoffer til Egen menighet
Øre kyrkje kl. 11:00	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til Misjonsprosjektet. Kyrjekaffi.

12. søndag i treenighetstiden – 31. august*Matt 6,24-34 Vær ikke bekymret for livet*

Megardssetra kl. 12:00	Gudstjeneste. Takkoffer til Nordmøre søndagsskolekrets
Hov kirke kl 11:00	Laskerud og Storset. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer.
Romfo kyrkje kl 19:00	Kirkekaffe og foreldremøte. Storset. Framstilling av konfirmantane. Takkoffer. Kyrjekaffe og foreldremøte.
Todalen kyrkje kl. 11:00	Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer
Øye kyrkje kl. 11:00	Gudsteneste. Takkoffer til

Straumsnes kyrkje kl.11:00	kyrkjelydsarbeidet Familiegudstjeneste ved sokneprest Cathrine Grutle. Takkoffer til Egen menighet
Gjemnes kirke kl. 11:00	Høymesse. Nattverd. Takkoffer til Det norske misjonsselskap. Kirkekaffi.

13. søndag i treenighetstiden – 7. september*Matt 25,14-30 Talentene*

Rindal kirke kl.11:00	Høgmesse. Konfirmantpresentasjon. 50-årskonfirmantjubiläum. Takkoffer til Norges Kristelige Student- og Skoleugdomslag. Storset.
Hov kirke kl 11:00	Ålvundeid kyrkje (Sjå avisene).
Mo kyrkje kl. 11:00	Gudsteneste.
Konfirmantpresentasjon. Stangvik kyrkje kl. 11:00	Takkoffer Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer
Batnfjorden kl.11:00	Gudsteneste i messeteltet på Dyregod-dagane(eigen inngang). Takkoffer til Kirkens SOS.

Laurdag 13.september

Stangvik kyrkje kl. 17:00	Haustkonsert. Rhapsody og Davidssalmar
---------------------------	--

Vingårdssøndag/14. søndag i treenighetstiden 14. september*Matt 20,1-16 Arbeiderne i vingården*

Valsøyfjord kirke kl. 11	Gudstjeneste. Presentasjon av årets konfirmanter. Treff for 50-årskonfirmanter. Takkoffer til ungdomsarbeidet i menigheten.
Øvre Rindal kapell kl.11:00	Familiegudstjeneste. Utdeling av 6-årsbok for hele bygda. Takkoffer til misjonsprosjektet. Gudsteneste.
Øye kyrkje kl. 11:00	Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til trusopplæringa
Åsskard kyrkje kl. 11:00	Gudsteneste. Takkoffer
Konfirmantpresentasjon. Tingvoll kyrkje kl.11:00	Høgmesse med nattverd ved sokneprest Cathrine Grutle
Øre kyrkje kl.11.00.	Konfirmantpresentasjon og 50-årskonfirmantjubiläum. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrjekaffi.

DØYPTE — VIGDE — DØDE**Døyppte****HALSA**

20.04. Jo Vaagland
20.04. Malin Sæther

VALSØYFJORD

04.05. Sigurd Wilsgaard Nilsen
04.05. Svein Marcus Gulbrandsen

RINDAL

06.04. Peder Sande
06.04. Olai Fosseide Bjørnås
06.04. Magnus Løften
06.04. Ildri Grytbakk Heggem

HOV

23.03. Anne Marit Leangen Kristiansen
06.04. Trym Stafsnes Kallmyr
06.04. Olivia Nygård
13.04. Lian Bugge Tjugum
13.04. Mia Seljebø Resell. Døpt i Tingvoll kyrkje
13.04. Isak Gikling
13.04. Ingrid Eline Solem
13.04. Frida Kittelsen
01.05. Ida Ulseth Baxter. Døpt i Skatval kirke

11.05. Oline Rønning

ROMFO

30.03. Colin Gjersvik Vogt
